


---

## Uttak av stein og grus i Bygland kommune

---



*Hekni v kommunegrensa*

- Planavklaringar om mineralske resursar er mest relevant i kommuneplanen sin arealdel.
- Kommunal planlegging av mineraluttak bør skje i samarbeid med grunneigarane og bransjen sine aktørar.
- Uttaksområda bør bli identifisert gjennom ynsker om arealbruksendring i samband med kommuneplanen sin arealdel.
- Kommunen har fleire moglegheiter til å fase inn høve til å gi innspel til arealbruksendringar i prosessen.
  - Varsel om oppstart av planarbeid
  - Under høyring
  - Offentleg ettersyn av forslag til planprogram
  - Som sjølvstendige trinn i prosessen

Uansett må slike ynskjer vere fremja før planforslag med KU blir lagt ut til høyring og off ettersyn.



*Lenge sidan uttak her*

## Utklypp frå gjeldande KPA

### 3. Område for råstoffutvinning

Bygland er den kommunen i Aust-Agder som har mest sand og grus til byggetekniske føremål i Aust-Agder fylke. Det er totalt registrert 28 sand- og grusførekomstar der dei fleste ligg i hovuddalføret. 25 av førekomstane er berekna til å innehalde 53,2 mill. m<sup>3</sup> sand og grus. Eit mål i forvaltninga av grus- og pukkførekomstane er å sikre tilgangen til desse ressursane, utan at det medfører negative miljøkonsekvensar og varig skjemma landskap. Verdiskapinga er viktig for lokalt næringsliv/entreprenørverksemdar og grunneigarane.

#### **Massetak - føresegn**

Jf. Pbl. § 20-4, andre ledd, bokstav a

##### **I - Massetak**

Opning av nye massetak eller utviding av eksisterande slike kan ikkje settast i verk før området inngår i godkjent reguleringsplan med føresegnar som gjev føringar for drift, uttak og avslutning.

#### **Retningslinjer**

1. For at råstoffutvinning skal kunne halde fram på eksisterande område, må det i løpet av to år etter vedtatt kommuneplan vere utarbeidd og godkjent reguleringsplan og plan for drift, uttak og avslutting av kvart område.
2. Ved regulering til uttak må det takast omsyn til landskapsbiletet og sikrast estetisk gode løysingar. Randsoner og kantvegetasjon, spesielt inntil vassdrag, skal takast vare på. Det skal stillast krav om driftsplan.
3. Ved regulering til råstoffutvinning må tryggleiksomsynet til nærmiljøet vere ivarettatt og sikra.
4. Ved regulering for masseuttak knytt til vassdrag skal ikkje naturlege elveløp endrast. Masseuttak skal ikkje skje i område som er påverka av flaum.

## Framtidige område for massetak

Tabellen nedanfor viser eksisterende og planlagde massetak i Bygland kommune.

I flere av områda kan det vere konflikt med byggegrenser til vassdrag, off. veg m.v. Kommuneplanen legg opp til at desse problemstillingane skal finne si avklaring via reguleringsprosess på detaljnivå.

Nr. jmfør planomtale	JP# ref. sak 2006/25	Massetak - plassering	Opna massetak X	Informasjon; retningslinjer, div. merknader
108.1	40	Åmellom, nord for Sandnes	x	Reg.plan krav innan 2 år
108.4	40	Furubakkane, i Syrdalen - Haugetveit		PLRU – sak 37/09
112.1	44	Ellingstjønn, Bjånes	x	T/M – sak 80/97
112.2	44	Sundet	x	Utv. sak 29.10.04
112.3	44	Sør om Sandnes	x	T/M – sak 68/98
118.1	51	Nordenden av Heismonen		Reg.plan krav innan 2 år
120.3	53	Skomemonen		Reg.plan krav innan 2 år
120.4	53	Skomemonen	x	Reg.plan krav innan 2 år
122.1	55	Nord om Langeid	x	Reg.plan krav innan 2 år
133.5	68	Skomemonen		Reg.plan krav innan 2 år
135.3	70	Hekni til kommunegrense Valle		Reg.plan krav innan 2 år
135.5	70	Hekni	x	Reg.plan krav innan 2 år
135.6	70	Hekni		Reg.plan krav innan 2 år
135.7	70	Sør for Langeid		Reg.plan krav innan 2 år
138.6	73	Haugemonen	x	Reg.plan krav innan 2 år
139.4	74	Ved Stokkestøyl		Reg.plan krav innan 2 år
139.5	74	Skomemonen	x	Reg.plan krav innan 2 år
139.6	74	Skomemonen		Reg.plan krav innan 2 år
145.2	80	Upsal, Massuskor, gnr. 46 bnr. 7		Sak 05/152
151.1	86	Skomemonen		Reg.plan krav innan 2 år
156.2	91	Fossli, nord for Reiårsfossen	x	Reg.plan krav innan 2 år
180	129	Nedføre Hovassdammen		Reg.plan krav innan 2 år
181		Nord for Sordal	x	Reg.plan krav innan 2 år
182		Sør for Austad	x	Reg.plan krav innan 2 år
186		Austadkleiva	x	Reg.plan krav innan 2 år
200		Nesmoen, stadfesta kommuneplan 2002	x	



---

## Status / utfordringar

---

- I perioden for gjeldande KPA, så er det fremja og godkjent ein reguleringsplan for massetak.
- To massetak er regulert inn i andre reguleringsplanar.
- Det er funne gitt 9 dispensasjonar med krav til avslutning. Nokre er for tidsavgrensa periodar ( 10 år ) og tidsperiodane for drift er gått ut. Her ligg eit arbeide i høve oppfølging når det gjeld utsjekk på vedtak om avslutning.
- Tre masseuttak i drift av stort omfang har eksistert veldig lenge. Dei manglar kommunal godkjenning og reguleringsplan. Det eine er nordom Sordal, eit like sør for Hekni og ved Storstraumen / krysset til Åraksbø.
- 14 område i gjeldande KPA er avsett som framtidige område for masseuttak med krav til reguleringsplan, men desse er ikkje starta opp. Her ligg også eldre massetak med ukjent og varierende status i høve evt uttak / avslutning.
- Med unntak av regulert massetak på gnr 35, bnr 1, så finst det ikkje godkjente deponi for overskottsmassar i samband med veg - og anleggsarbeid. Slik massedeponering skjer tilfeldig.

Dette vil kunne bli ei utfordring i framtida. M a for Bygland kommune sin FDVU av vegar, anlegg m v.

Nokre utgåtte / avslutta / uavklara masseuttak bør kunne regulerast som mottakarar av reine overskottsmassar. Det vil kunne gi inntekter til grunneigarane samstundes som inngrepa blir reparerte.



*Uavklart massedeponi i bruk*



*«Nedlagt» masseuttak*

---

### *Tilhøvet til direktoratet for mineralforvaltning ( DMF )*

---

- For å starte masseuttak, er det ei forutsetning at drivar har utvinningsrett for området. Regelverket skil mellom uttak over 500 kubikk og uttak over 10 000kubikk.
- For uttak over 10 000 kubikk er det eit krav om driftskonsesjon frå DMF.
- For alle uttak av naturstein krevjast det driftskonsesjon, uansett storleik.
- Driftskonsesjon skal vere gitt før drifta blir igangsett
- Det er drivaren av massetaket som er ansvarleg for driftskonsesjonen. Ikkje nødvendigvis grunneigaren. Grunneigaren er ansvarleg i høve anna lovverk jf kommunen.
- I Bygland er det p t registrert 10 uttak hjå DMF. Fleire har ukjent status i høve leverte driftsrapportar.

---

### *Framover*

---

- Stein, grus og sand er råvarer som det vil vere bruk for i det meste av byggje – og anleggsverksemd.
- Ei bevist og berekraftig forvaltning av førekomstane bør gi miljø – og næringsmessig verdiskaping lokalt og regionalt.
- Uttak av mineral er involvert av fleire lovverk i tillegg til PBL. Her nemnast minerallova, forureiningslova, naturmangfaldlova og konsesjonslova. Jordlova kan og vere aktuell.
- Bevisstgjerjing av tilhøvet mellom massetakeigar / driftar og Direktoratet for mineralforvaltning sitt forvaltningsområde.
- Gode avtalar mellom eigar og driftar er viktig med tanke på tilbakeføring av avslutta uttak.
- Samfunnet set større krav til at masseuttak og deponering av massar skal skje frå godkjente områder. Statens Vegvesen er ein instans som stiller slike krav til sine leverandørar.

---

### *Forslag til «To do »*

---

1. Dei aktuelle grunneigarane blir tilskriva og orienterte om status på dei aktuelle områda sine med orientering om:

- Gjeldande KPA og arbeidet med å revidere KPA.
- For dei massetaka som har hatt tidsavgrensa dispensasjon, så oppmodar ein til kontakt i høve avslutning i hendhald til sette vilkår i uttaksløyvet.

Alternativet er at eigar sjølv ber om at områda bli føreslått vidareført i ny KPA. Ein må då take høgde for at ein må rekne med krav til reguleringsplan. Det gjeld også i dag.

- Forklære tilhøvet mellom grunneigar, drivar og DMF.

- Orienterere om moglegheitene som kan liggje i å omregulere eksisterande massetak til mottak for reine overskottsmassar.
2. Av omsyn til pågåande og relativt stor aktivitet, så er det 3 område som bør bli arbeidd med uavhengig av pågåande KPA arbeid for å klarere dei jf gjeldande kommuneplan.

Gjennomgått med styringsgruppa ( PMR ) for KPA den 4.05.2021.